



Innkalling av Kraftfondsstyret

Møtedato: 07.11.2017
Møtestad: Nordhordland Folkehøgskule - Veslestova
Møtetid: 09:00 - 10:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 014/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 015/2017 Godkjenning av møtebok
- 016/2017 Stordalen velforening, søknad om tilskot gjennom kraftfondet
- 017/2017 Søknad om tilskot kraftfondet til ambulerande miniverkstad
- 018/2017 Kraftfondsbudsjett for 2018
- 019/2017 Referatsak
- 020/2017 Delegerte saker

31. oktober 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1070

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1070

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/923

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Stordalen velforening, søknad om tilskot gjennom kraftfondet

32T

Journalposttittel
Søknad om tilskot

Dato
06.09.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad frå Stordalen velforening om støtte frå kraftfondet 2017 vert ikkje innvilga

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Stordalen velforening har fått eit tilbod på oppkøying av skiløyper på kr 125.000 for beste kvalitet og løypenett vinteren 2018, og søker Masfjorden kommune via kraftfondet om tilskot på kr. 20.000,-, som del av omsøkt ekstern finansiering på totalt kr. 75.000, for ikkje å bruke opp all eigenkapital til vellaget på føremålet.

Fakta

div. frå søknad, sjølve søknaden følgjer som saksvedlegg, og vedlegg til søknaden;

Forretningsideen til foretaket/laget/foreininga

Stordalen Velforening (org.nr.912890414) er en ideell organisasjon som skal medvirke til å videreutvikle Stordalsområdet som hytte, utfarts- og friluftsområde med gode servicetilbud. Vår hovedoppgave de siste årene har vært å få kjørt opp gode skiløyper. Vi ønsker å være en motvekt mot Kvamskogen og gi et godt tilbud både til innbyggere i Masfjorden kommune og for hyttefolket. I tillegg til å lage skiløyper arbeider vi for å tilrettelegger for parkeringsplasser for dagsbesøkende..

BUDSJETT SVEL mai 2017-mai 2018

INNETEKTER

Kontingent fra hyttelagene	45 000
Høyanger kommune	20 000
Masfjorden kommune	10 000
Andre	30 000
Norsk Tipping	400
Sum inntekter	105 400

UTGIFTER

Sporkjøring	120 000
Fellesarrangement	5000
Styre- og samarbeidsmøter	3000
Sum utgifter	128 000

Resultat	-22 600
-----------------	----------------



Prioritet:

- 1 Hyttefelt: 3 km
- 2 Ulvedalen: 3,5 km
- 3 Anleggsvei: 3,5 km
- 4 Librotet: 3 km

Kjøring hver fredag fra vinterferie til påske, samt 3 dager ekstra i feriene.

Det tas forbehold om at løypene kan legges om, eller ikke kjøres pga vær og føre, åpne bekker og utrygge vatn. Librotet er forsøksordning.

Utføres av:

Berg Fritid, Arne Berg,
5984 Matredal.
41047109



Vurdering

Frie fondsmidlane for kraftfondet 2017 vart brukt opp i samband med vedtak gjort i

kommunestyremøte 21.09.2017. Kommunen har tidlegare støtta tiltaket, og sist med 10.000 ifjor

Konklusjon

Søknaden vert tilrådd avslått. Ein har ikkje frie fondsmidlar att til fordeling 2017, og må evt. finne andre midlar i kommunebudsjettet 2017, eller bruk av 2018 budsjettet.



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: ZPFACX

Registrert dato: 05.09.2017 12:08:45

Vedlegg:

SVEL regnskap 2016-2017.pdf

2017.08.22 revisjonsmelding SVel.pdf

budsjett svel 2017-18.pdf

Signert referat fra SVEL årsmøte 2017.pdf

Løypekart spor 16.pdf

Tilbud løypekjøring.pdf

Verksemda				
Type verksemd				
velforening				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga				
Stordalen Velforening (org.nr.912890414) er en ideell organisasjon som skal medvirke til å videreutvikle Stordalsområdet som hytte, utfarts- og friluftsområde med gode servicetilbud. Vår hovedoppgave de siste årene har vært å få kjørt opp gode skiløyper. Vi ønsker å være en motvekt mot Kvamskogen og gi et godt tilbud både til innbyggere i Masfjorden kommune og for hyttefolket. I tillegg til å lage skiløyper arbeider vi for å tilrettelegger for parkeringsplasser for dagsbesøkende..				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
leder: jannicke berge olsen	breistølen 34	5034	bergen	0

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret?
<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Organisasjonsnummer
912890414
Føretak/lag/foreining
Stordalen Vel
Adresse
breistølen 34
Postnummer
5034
Poststad
BERGEN
Telefon
97685526
Telefaks

Opplysninger om kontaktperson	
Førenamn jannicke berge	
Etternamn olsen	
Adresse breistølen 34	
Postnummer 5034	Poststad BERGEN
Mobiltelefon 97685526	
Telefon arbeid	
Telefon privar 97685526	
E-post jbolse-1@broadpark.no	
Bankkontonummer 36325813495	
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt skiløyper i stordalen
Totale kostnader for prosjektet 125000
Finansieringsplan
Eigenkapital 31000
Eige arbeid 45000
Lån i bank 0
Tilskott frå næringsfond 0
Har prosjektet fått tilskott frå andre? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Kven har prosjektet fått tilskott frå? høyanger kommune
Kor mykje har prosjektet fått? 20000
Andre finansieringskjelder lindås og gulen kommune
Sum finansieringsplan 75000

Andre opplysningar
Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden tilbud på oppkjøring av skiløyper er på kr 125000 for beste kvalitet og løypenett. vi ønsker ikke å bruke opp all egenkapital og trenger finansiering på totalt 75000 for å kunne gi løyper med god kvalitet. Vi ber om at Masfjorden gir 20000.- til løypekjøring for 2018.

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

innbyggere I Masfjorden, Gulen,Lindås, og Høyanger samt hytteeigere I Stordalen.

Marknadsføringstiltak

via facebookside

Viktigaste konkurrentar

ingen andre som driv med dette I Stordalen. Vi bruker Stordalen Fjellstove / Oppliving som leverandør av tjenesten (løypekjøring) og støtter således opp under lokal næring i området.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/1018

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Søknad om tilskot kraftfondet til ambulerande miniverkstad

32T

Journalposttittel
resultset_3509_15.pdf

Dato
11.10.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden vert ikkje realitetshandsama, då potten for dette føremålet i 2017 allereie er brukt opp, men søknaden vert overført til handsaming 1.tildelingsrunde 2018.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot med kr. 150.000 gjennom kraftfondet til ambulerande miniverkstad for tradisjonelt handverk av eit prosjektert totalkostnad på kr. 250.000, jf. elles søknaden som følgjer som saksvedlegg.

Fakta

Midlane for kraftfondet 2017 til desse føremåla vart brukt opp i samband med vedtak gjort i kommunestyremøte 21.09.2017

Vurdering

Søknaden vert ikkje realitetshandsama no, men vert ført over til 2018, og teken inn som del av søknadsmassen til handsaming under 1.tildeling 2018.

Søknad om tilskot gjennom kraftfondet sett i forhold prosjektet totalkostnader er for høgt – inntil 25% av investeringa er hovudregelen, og det kjem heller ikkje klart fram kva som er investering og kva som er drift, og søknaden må presiserast nærare før realitetshandsaming.

Konklusjon

Søknaden vert ikkje realitetshandsama no, då potten for dette føremålet i 2017 allereie er brukt opp.



Kraftfondet - søknad om tilskot (KF-212-1266)

Referansenummer: S7USSC

Registrert dato: 05.10.2017 16:23:25

Verksemda				
Type verksemd				
Enkeltpersonforetak				
Forretningsideen til føretaket/laget/foreininga				
<p>Skipe ein ambulerande miniverkstad for tradisjonelt handverk som kan reise rundt i kommunen på skular og grendahus og gje born, ungdom og vaksne eit høve til å tileigne seg ymse handverksteknikkar. Ideen kom etter å ha sett kor liten plass formingsfaga får i læreplanen til barne-og ungdomsskulen, det skrantande utstyret på sløydsalar og tekstilrom og frustrasjon hjå elevar som gjerne vil lære, men som treng betre rammevilkår og meir rettleiing.</p> <p>Eg ser for meg følgjande konsept: Reise rundt i kommunen og tilby kurs i ulike handverksteknikkar. Dette kan vere: Sløyd, skinnarbeid, perlebroderi, saum og hekling, teikning og metallarbeid . Eit nært samarbeid med skulen er viktig, ikkje minst for å finne ut kva for handverksteknikkar som ungdommen er interessert i og slik tilpasse kursinnhaldet. Praktisk arbeid kan også brukast i ein tverrfagleg samanheng, der ein tek inn t.d.geometri og måleiningar frå matematikkfaget og flettar dette inn i oppgåvene. Tidlegare har eg hatt hobbykveldar på Nordbygda skule for heile skuleklassar, der me har arbeidd med ulike material som tre, metall og såpestein. Desse kveldane har hatt stor oppslutning og foreldra har vore svært engasjert. Elevane har etterspurt fleire slike kveldar, men det har vore eit spørsmål om finansiering, ettersom både verkty og material har sin pris. No er eg engasjert i eit 10% vikariat i kulturskulen, der eg underviser born og vaksne i teikning og syarbeid. Dette er til no ei rein "jentegruppe", og eg saknar eit tilbod til gutane, som tradisjonelt er meir opptekne av arbeid i tre og metall.</p> <p>Mi erfaring er at mange av elevane manglar grunnleggjande dupleikar innan enkelt benkearbeid som rissing, oppmåling og elementær verktybruk. Teikningslesing er også vanskeleg. Mykje av verktyet dei har erfaring med frå sløydsalen er også sløvt og i til dels dårleg stand, slik at dei ofte får ein uheldig innfallspurt til handverksfaga. Denne kombinasjonen kan ofte ta motet frå elevane, noko som er svært uheldig med tanke på vidare rekruttering innan yrkesfag. Det er i barne-og ungdomsåra at me er mest påverkelege, og gode timar med gode lærarar og kvasst verkty kan vere med å tenne ein gnist hjå dei som skal verte våre framtidige handverkarar. Eg trur at eit målretta og differensiert tilbod til born og vaksne i kommunen der ein nyttar allereie eksisterande fasilitetar som sløydsalar og tidlegare skulehus/grendahus saman med ein godt utstyrt ambulerande handverksdoktor er liv laga. I starten må ein få kartlagt og spesifisert ynskje og behov i kundegruppa før ein går til innkjøp av utstyr. I starten vil handverksdoktoren by på minikurs i i ymse fag og vere ein fagperson som skulane kan leige inn på time-/dagsbasis. Etter kartleggjingsarbeid og spørjeundersøkjingar kan eg då lage ein kurskalendar der den enkelte kan velje.</p> <p>Eg trur oppslutninga kan verte så stor at det etter ei tid kan vere grunnlag for ei større stilling i kulturskulen. Likeins vil me utvide kulturskuleomgrepet og gje det ein handverksmessig dimensjon. Førre helga var eg på Maihaugen, Lillehammer i samband med 30årsjubileet til Norsk Handverksinstitutt. Fleire av føredragshaldarane påpeika at det var særst viktig å framelske handverket i den oppveksande generasjonen, elles vil me få rekrutteringsproblem i framtida. Jon Bojer Godal sa: "Vi skil i språket mellom å v i t a og å k u n n a. Vi kan v i t a svært mykje om ein båt utan å k u n n e byggje han. Det typiske for handverkaren er at han både v e i t og k a n ." Skal me skape ein generasjon av vitarar eller av kunnarar? Eller kanskje helst baa to?</p>				
Eigarsamansetting				
Namn på eigar	Adresse	Postnummer	Poststad	Del i %
Anke Brandt	Fensfjordvegen 1048	5986	Hosteland	100

Innleiing
Er verksemda registrert i Føretaksregisteret? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei

Opplysninger om føretak/lag/foreining	
Organisasjonsnummer	
918818766	
Føretak/lag/foreining	
Trollstova	
Adresse	
Fensfjordvegen 1048	
Postnummer	
5986	
Poststad	
HOSTELAND	
Telefon	
97747324	
Telefaks	
Opplysninger om kontaktperson	
Førenamn	
Anke	
Etternamn	
Brandt	
Adresse	
Fensfjordvegen 1048	
Postnummer	Poststad
5986	HOSTELAND
Mobiltelefon	
97747324	
Telefon arbeid	
97747324	
Telefon privar	
97747324	
E-post	
alf_helland@msn.com	
Bankkontonummer	
36373179080	
Er det tidlegare søkt andre offentlege instansar om tilskott til prosjektet?	
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	

Finansiering
Namn på og finansiering av prosjektet
Søknadsprosjekt
Handverksdoktoren
Totale kostnader for prosjektet
250000
Finansieringsplan
Eigenkapital
50000
Eige arbeid
50000
Lån i bank
0
Tilskott frå næringsfond
150000
Har prosjektet fått tilskott frå andre?
<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder
ingen
Sum finansieringsplan
250000

Andre opplysningar

Før opp eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for søknaden

Økonomi

Rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for siste tre åra lastes opp som vedlegg på siste side i skjemaet.

Eigne kommentarar til oppnådde resultat, økonomisk stilling og likviditet

Sal og marknaden til verksemda

Verksemda sine viktigaste kundegrupper

Marknadsføringstiltak

Viktigaste konkurrentar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 150	17/1058

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Kraftfondsbudsjett for 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsbudsjettet for kraftfondet 2018 vert fastset slik;

		Budsjett
		2018
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-110 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-50 000
	Sum inntekter	-2 970 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2018	430 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	220 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatordninga	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	600 000
	Andre næringsstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	200 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	120 000
	Sum utgifter	2 970 000

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kraftfondsbudsjettet viser eit oversyn over forventa inntekter og plan for bruk av midlane for 2018. Viser elles til retningslinene for kraftfondet, § 6 e

- e. Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande foresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot

Fakta & vurdering

Kraftfondsbudsjettet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon som del av konsesjonsvilkåra, satsen vert justert kvart 5.år – sist justert i 2014 til kr. 2.812.613,-. Renter og avdrag utlån kraftfondet vert tilført kraftfondsbudsjettet, samt renteinntekter av fondsmidlane.

Postar under budsjettet til kraftfondet 2018;

1. Masfjordsambandet, avsetjing med 1 mill.kr. til eigenkapital Masfjordsambandet
Masfjordsambandet - løyving av egne midlar til prosjektet jf. vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK:

KS-045/12 VEDTAK:

1. **Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.**
2. **Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.**
3. **Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.**

Kommunalt tilskott (saksa frå HFK, økonominotat
Masfjorden kommune gjorde i 2012 i sak KS-045/12 vedtak om å bidra med 40 millionar kroner i eigenfinansiering i Masfjordsambandet. Det er lagt til grunn at midlane vert utbetalt med 10 millionar 2017-kroner kvart år i byggeperioden frå 2020-2023.

2. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for Regionrådet/ NUI og ein del interkommunale fellestiltak, som BRB (BRB vert lagt ned, men erstatta av eit anna opplegg/løysing i regi av Hordaland fylkeskommune), kompetanse, sekretariat kontrollutval, biosfæreprosjektet etc., utover postar til sjølve regionrådet/NUI, ligg her inne tilskot Hordaland olje og gass og LVK kontingent for 2018.

Under følgjer ein tabell over førebels budsjettframlegg NUI (IKT strategi går ikkje på dette budsjettet).

Kommune	Type prosjekt								Total
	NUI - kontingent	Fylkeskommunen (BRB) - kontingent	Kompetanseprosjektet	Sekretariat kontrollutval	Yrkes og Utdanningsmess (YOU)	Biosfære	IKT strategi	Reiseliv	
1266 Masfjorden	151 760	11 970	25 228	67 650	10 382	37 691	441 908	44 907	791 496
Total - 2018	3 979 575	313 887	404 685	670 000	146 970	505 080	7 185 000	641 700	13 846 897
Total -2017	3 845 000	313 887	391 000	670 000	142 000	488 000	5 465 000	620 000	11 934 887
Endring	134 575	0	13 685	0	4 970	17 080	1 720 000	21 700	1 912 010
Endring i %	3,5 %	0,0 %	3,5 %	0,0%	3,5 %	3,5 %	31,5 %		16,0 %

3. Ein foreslår løyving/pott på inntil kr. 200.000,- til profilering av kommunen, inkl. løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement kraftspela – kommunal støtte til privat arrangement som erstattar kraftspela, og oppfølging av «bli Masfjording»,

støtteannonser, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordfører i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.

4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon. Dette er midlar som vert tilført driftsbudsjettet til kommunen.

5. Sertifikatordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til nye kurs etter behov, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.

6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget 2018 inneber at desse midlane (ca kr. 50.000) ikkje blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, men vert disponibel i kraftfondsbudsjettet.

7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføre mål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det vert i tråd med kommunen sin økonomiplan 2017-20 sett av kr. 600.000 i 2018 budsjettet til føremålet.

8. Elevbedrift/grundercamp – tidlegare budsjettert med kr. 10.000. midlar ikkje nytta siste år. Tiltaket vert vidareført i regi av GMU/skulane, og innafor tilskotsramma GMU.

9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvtar – ingen registrerte kjøp siste åra, sist tildeling og då forholdsvis stor må vi attende til 2013. Reknar ikkje med at det dukkar opp så mange søknader i 2018, og sett den i 0 for 2018. Ein har ein unytta pott/fond landbrukssaker som evt. kan nyttast i 2018 til føremålet

10. Andre næringstiltak, gjeld løyving til GMU med kr. 250.000 for 2018.

11. Det er sett av ein pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, har ein lagt inn 5 tilskot. (samt at tilskotet kan knytast til pkt. 7 medfinansiering nye bustadfelt).

12. Søknad om støtte (lån & tilskot) er sett til kr. 120.000 i 2018, og prosjekt som søker om lån vert prioritert framføre tiltak og søknader om tilskot gjennom kraftfondet

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-12 m.m. for kraftfondsbudsjettet 2018;

	Budsjett	revidert B	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2018	2017	2017	2016	2015	2014	2013
Inntekter: Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 810 000	-2 810 000	-2 810 000	-2 832 869	-2 814 214	-2 812 668	-2 601 612
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-110 000	-80 000	-80 000	-116 935	-90 643	-131 899	-214 801
Renteinntekter, fondsmidlane	-50 000	-10 000	-10 000	-9 405	-13 386	-19 197	-35 255
div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK, unytta tidl. År	0	-820 000	0	-260	-980	-900	-2 560
Sum inntekter	-2 970 000	-3 720 000	-2 900 000	-2 959 469	-2 919 223	-2 964 664	-2 854 228
Utgifter: Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2018	430 000	400 000	400 000	402 443	0	326 000	355 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	220 000	200 000	200 000	203 472	177 234	532 696	438 073
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0	0	0	0	24 300	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatordninga	50 000	10 000	10 000	0	6 000	15 000	57 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	0	0	0	50 000	0	0	5 260
Tilrettelegging bustadføre mål	600 000	350 000	400 000	0	0	0	318 000
Elevbedrift/grundercamp	0	10 000	10 000	0	0	1 000	20 000
mobil/breibanddekning	0	400 000	250 000	0	0	0	0
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	0	0	0	0	82 669	0
Landbrukstiltak	0	0	0	0	0	0	0
Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000	250 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	0	0	0	0	34 731	34 768
Etableringstilskot	200 000	160 000	160 000	80 000	136 000	80 000	190 000
Frie fondsmidlar til fordeling	120 000	840 000	120 000	55 000	330 000	30 000	160 870
Sum utgifter	2 970 000	3 720 000	2 900 000	2 140 915	1 999 234	2 476 396	2 928 971
utlån				0	0	400 000	0
mindreforbruk av løyvde budsjettmidlar:				-818 554	-919 989	-88 268	74 743

Konklusjon

Det vert lagt fram eit balansert 2018 budsjett for kraftfondet, som tek høgde for storsatsinga kring Masfjordsambandet, med løyving på 1 mill.kr, og elles vidareføring av etablerte ordningar og satsinga. Tiltak under kraftfondsbudsjettet vert innarbeidd i kommunen sitt samla årsbudsjett for 2018.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1070

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Referatsak

32T

1. Samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Hordaland fylkeskommune, gjeldande Invest in Bergen og Etablerersenteret for perioden 2017 - 2020

Bakgrunn for avtalen

Dei tidlegare eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet, har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ivareta og styrke nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld i hovudsak Etablerersenteret og Invest in Bergen.

Hordaland fylkeskommune tar frå januar 2017 hovudansvaret for dei to tenestene i eit spleiselag med kommunane. Fylkeskommunen er avhengig av ei felles finansiering saman med kommunane for å oppretthalde dei to tenestene. Denne avtalen regulerer dette samarbeidet. Likelydande avtale blir inngått med alle kommunane som deltar i samarbeidet.

Målsettingar

Samarbeidet sikrar at;

- Etablerersenteret vert lagt til Fylkeskommunen under merkevara «Etablerersenteret» og vil ha eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal arbeide utadretta i fylket og vil samarbeide tett med dei eksisterande nærings- og etablereraktørane i kommunane / regionane
- Invest in Bergen vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Invest in Bergen vil ha ein viktig rolle i å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar.

Styringsmodell

Dei to prosjekta har følgjande styringsgrupper som er nedsett av kommunane som er med i samarbeidet. Etablerersenteret: Styringsgruppa består av dei administrative ansvarlege i regionråda og blir leia av Næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune.

Invest in Bergen: Ein politisk representant frå kvar region, fortrinnsvis leiar i regionrådet, ein frå Bergen kommune og ein frå Hordaland fylkeskommune.

Kommunane sitt bidrag inn i samarbeidet

- Kommunane bidreg med eit fast beløp pr innbyggjar i kommunen.
- Kommunane er aktive samarbeidspartnarar for dei to tenestene.
- Kommunane, ved ordførar, deltek på årlege møte for å drøfte strategiske grep for dei to tenestene.

Fylkeskommunen sitt bidrag inn i samarbeidet

- Fylkeskommunen tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i Etablerersenteret og Invest in Bergen.
- Fylkeskommunen stiller med kontorfasilitetar og tar på seg det administrative ansvaret for dei to prosjekta.
- Fylkeskommunen leiar dei to styringsgruppene som er utpeika av kommunane.
- Fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar som kommunane som deltek i samarbeidet.

Finansieringsmodell

Følgjande finansieringsmodell sikrar gjennomføring av oppgåvene som skissert:

- Kommunane bidrar med kr 7,- pr innbyggjar i kommunen, rekna frå 01.01 for det gjeldande året. Kronebeløpet vert fordelt slik:
 - o Etablerersenteret: kr 3 per innbyggjar årleg
 - o Invest in Bergen: kr 4 per innbyggjar årleg
- Hordaland fylkeskommune betaler årleg samla kr 7,- for tilsvarande folketal som i medlemskommunane og med same fordeling.

Finansieringa syter for drifta av dei to prosjekta med lønn til dei tilsette, kostnader til kurs, reiser og arrangement, og eventuelle investeringar som kan styrke dei to prosjekta.

Rapportering

Etablerersenteret og Invest in Bergen rapporterer fortløpande til dei nedsette styringsgruppene. Hordaland fylkeskommune rapporterer årleg til dei øvrige eigarane for begge prosjekta.

Tidslengd, beløp, oppseiing og betaling

Denne avtala gjeld frå 2017 og til og med 2020. Kommunane og fylkeskommunen kan seie opp avtala i perioden. Ved oppseiing gjeld avtala for det året den blir sagt opp samt neste kalenderår.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Etablerersenteret og/eller Invest in Bergen gjev kommunen og fylkeskommunen rett til å reforhandla eller seia opp avtala. I dette tilfelle gjeld oppseiinga frå neste kalenderår

Fylkeskommunen fakturerer årleg kommunane for deltaking i samarbeidet.

Bergen/ Masfjorden kommune, Dato: 12/10 - 2017



Bård Sandal
Fylkesdirektør regional utvikling
Hordaland fylkeskommune



Svein Helge Hofslundsengen
Rådmann
Masfjorden kommune

Fra: Svein Helge Hofslundsengen
Sendt: mandag 23. oktober 2017 12:12
Til: Jostein Farestveit
Kopi: Post Masfjorden kommune
Emne: SV: Samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret til signering
Vedlegg: 20171012114056.pdf

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Hallo, vedlagt følger signert samarbeidsavtale, denne vart klargjort 12.10.2017, men ser ut som om den ikkje har gått ut.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 5616 6215, Mobil: 906 24 235, Sentralbord: 5616 6200
E-post...: svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

Fra: Jostein Farestveit [<mailto:Jostein.Farestveit@hfk.no>]
Sendt: 14. september 2017 15:26
Til: Svein Helge Hofslundsengen
Kopi: Post Masfjorden kommune
Emne: Samarbeidsavtale om Invest in Bergen og Etablerersenteret til signering

Hei,

Vedlagt ligg samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune og Hordaland fylkeskommune, gjeldande Invest in Bergen og Etablerersenteret for perioden 2017 – 2020.

Etter avtale med ordførarar vert denne sendt til rådmann for administrativ handsaming.

Me ber om at signert avtale vert sendt tilbake innan 15. oktober.
Oversending av avtala kan gjerast på epost til underteikna, eller pr post til:

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
v/ Jostein Farestveit
PB 7900
5020 Bergen

Spørsmål kan rettast til:
Bård Sandal
Fylkesdirektør Regional utvikling
Bard.Sandal@hfk.no
Telefon: 97051716

Eller underteikna.

Med helsing
Jostein Farestveit
Spesialrådgjevar
Regionalavdelinga | næringsseksjonen



Mobil: 40 91 62 24
epost: jostein.farestveit@hfk.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/1070

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2017	Kraftfondsstyret	PS	07.11.2017

Delegerte saker

32T

002/2017. Vedk. søknad om etableringstilskot

003/2017. Vedk. søknad om etableringstilskot

004/2017. Vedk. søknad om etableringstilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:



Hege og Stig Oppedal

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/933 - 17/6932

Sakshandsamar:
Svein Helge Hofslundsengen
svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:
31.10.2017

Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad datert den 8.09.2017

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Hege og Stig Oppedal får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 11 bnr 53. Tilskotet vert innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2018, og vert utbetalt når vilkåra for etableringstilskot er på plass, m.a. jf. pkt. 7 i regelverket for etableringstilskot.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot datert 8.9.17

2. Uttale

3. Fakta

ETABLERINGSTILSKOT

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest forelegg.

4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. pkt. 1& 2 i vedtektene. Søkjarane er fødte i 1983 og 1988 og er dermed innfor kravet alder på 35 år for å få 40.000 som står i vedtektene. Søknad registrert den 8.09.2017 og grunnlag for utbetaling i 2018 jf. pkt. 3 i vedtektene.

5. Konklusjon

Hege og Stig Oppedal får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 11 bnr 53.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Hege og Stig Oppedal



Tina Korsøen Fjellby og Richard Fanebust

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/913 - 17/6926

Sakshandsamar:

Svein Helge Hofslundsengen

svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kom

mune.no

Dato:

31.10.2017

Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad datert den 30.08.2017

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Tina Korsøen Fjellby og Richard Fanebust får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 38 bnr 66 – bygefeltet på Skolten. Tilskotet vert innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2018, og vert utbetalt når vilkåra for etableringstilskot er på plass, m.a. jf. pkt. 7 i regelverket for etableringstilskot.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot datert 30.8.2017

2. Uttale

3. Fakta

ETABLERINGSTILSKOT

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest foreligg.

4. Vurdering

Søknaden stettar grunnlaget for tilskot jf. pkt. 1& 2 i vedtektene. Etableringstilskot med kr. 40.000 vert innvilga. Søknad registrert den 30.08.2017 og grunnlag for utbetaling i 2018 jf. pkt. 3 i vedtektene.

5. Konklusjon

Tina Korsøen Fjellby og Richard Fanebust får tildelt etableringstilskot på kr 40 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 38 bnr 66 – bygefeltet på Skolten.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Tina Korsøyen Fjellby og Richard
Fanebust



Ruta og Slawomir Harbatowicz

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/839 - 17/6924

Sakshandsamar:

Svein Helge Hofslundsengen

svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kom

mune.no

Dato:

31.10.2017

Vedk. søknad om etableringstilskot

Vi syner til søknad datert den 7.08.2017

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr:

Ruta Harbatowicz får tildelt etableringstilskot på kr 15 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 1 bnr 57 – Stokkevikfeltet. Tilskotet vert innarbeidd i kraftfondsbudsjettet for 2018, og vert utbetalt når vilkåra for etableringstilskot er på plass, m.a. jf.pkt. 7 i regelverket for etableringstilskot.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Søknad om etableringstilskot datert 7.08.2017

2. Uttale

Søker herved om etableringstilskot i forbindelse med førstegongs etablering av eigen privat bustad (j.fr K-sak 30/05).

3. Fakta

ETABLERINGSTILSKOT

Kommunestyret handsama nytt regelverk for etableringstilskot i møte 18.04.2005, som sak 19/05 – med justering av satsane under Kommunestyremøte 11.12.2008, sak 99/08.

Ordning med etableringstilskot vert innført som ei fast ordning med følgjande regelverk:

1. Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 40.000,- for dei under 35 år, og kr. 30.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Det vert ikkje gjeve tilskot til etablering gjennom kjøp og overtaking av hus og gardsbruk.
2. Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
3. Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
4. Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset.
5. Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått.
6. Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til innkomne søknader.
7. Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest forelegg.

4. Vurdering

Eine søkjar kjem inn under aldersgrense, medan ein fell utafør, og som innber at søkjarane delvis stettar grunnlaget for tilskot jf. pkt. 1& 2 i vedtektene. Jf. kraftfondstyre 12.09.2017 og praktisering ved eit anna liknande forhold/søknad, får søkjar under 40 år innvilga ½ tilskot, og tilskot med kr. 15.000,-. Søknad registrert den 7.08.2017 og grunnlag for utbetaling i 2018 jf. pkt. 3 i vedtektene.

5. Konklusjon

Ruta Harbatowicz får tildelt etableringstilskot på kr 15 000 for oppføring av eigen privat bustad på gnr 1 bnr. 57

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Ruta og Slawomir Harbatowicz